

---

Vår referanse 2021/16143-10  
Dato 25.06.2021

---

KVAM BYGGEVARER AS  
Steinsdalsvegen 104  
5600 NORHEIMSUND

## Nytt vedtak - svar på søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot fv. 49 - gnr. 19 bnr. 319 - Kvam herad

Me viser til søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot fv. 49 for oppføring av tilbygg til hytte på gnr. 19 bnr. 319 av 22.03.21, samt vårt vedtak av 20.04.21 og dykkar klage av 27.04.21.

Klagen som vart sendt til oss den 27.04.21 vart grunna inkurie ikkje journalført, me beklagar dette. Epost med klage er mottatt 23.06.21. Me vurderer at klage er framsett innan klagefrist jf. forvaltningslova §§ 29 og 30, og tek den til behandling.

Etter gjennomgang av vedtak av 20.04.21 vurderer me at vedtaket er mangelfullt grunngjeve jf. forvaltningslova §§ 24 og 25. I medhald av forvaltningslova § 33 er det difor fatta nytt vedtak som svar på søknad om dispensasjon av 22.03.21. Nytt vedtak erstattar vedtak i brev av 20.04.21.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§29](#) gir vi avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 49 for å oppføre tilbygg til hytte på gnr. 19 bnr. 319 i Kvam herad.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrenser skal ta omsyn til trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Vi har vurdert søknaden og kome fram til at vi ikkje kan gi dispensasjon.

Søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot fv. 49 for oppføring av tilbygg til eksisterande hytte 22 meter frå senterlina. Tilbygg er plassert på nordside av eksisterande hytte.

Situasjonen på Kvamskogen

Kvamskogen er eit populært utfartsområde, spesielt vinterstid. Det er svært snørikt og med høge brøytekantar langs fylkesveg 49. Det er har over lang tid blitt ført opp eit stort tal hytter, mange av dei med lovlege, og ulovlege tilkomstar direkte frå fylkesvegen. Dette medfører store utfordringar med trafikktryggleiken og krav om nedsett fartsgrense mm. Det vart difor i 2014 tatt med rekkefølgjekrav om etablering av gang- og sykkelveg langsmed fv. 49 på strekket mellom NAF - Ungdomsheimen i kommunedelplan for Kvamskogen. På «begge sider» av denne strekningen er det rekkefølgjekrav om regulering av gang- og sykkelveg. Omsøkte tiltak ligg på strekning kor det er krav om regulering av gang- og sykkelveg. Denne reguleringa er ikkje gjennomført. Det har difor blitt praktisert ein streng haldning til avkørsel- og byggjegrænsesaker i området for å ikkje bygge ned sidearealet vidare.

Søknad om dispensasjon

Det vert i søknad vist til § 29 i veglova: *Langs offentleg veg skal det vere byggegrenser fastsette med heimel i denne lova, dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven.*

Det står vidare i søknad: « Vi meiner at «anna følgjer av arealdel av kommuneplan», og at tiltaket såleis er iht føresegner.»

Me finn ikkje noko i søknad som viser at «anna følgjer av arealdel av kommuneplan». Kvam herad har med føresegn 1.6.3 tatt med byggjegranser mot fylkesveg i arealdel av kommuneplan, og me antek at det er denne føresegna søkar viser til.

### 1.6.3 BYGGEGRENSE MOT VEG

a. Byggjegrænse mot fylkesveg 7, fylkesveg 49 og fylkesveg 48 er 50 meter, unntak er kor kommuneplan eller reguleringsplan viser anna byggjegrænse. For øvrige fylkesvegar gjeld ei byggjegrænse på 30 meter.

b. Den til ein kvar tid gjeldande rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser for riks- og fylkesvegar skalleggjast til grunn ved handsaming av søknad om dispensasjon frå den byggjegrænse som følgjer av bokstav a).

Avdeling for infrastruktur og veg har etter dialog med Kvam herad kome fram til at Vestland fylkeskommune handsamar dispensasjonar frå byggjegrænse mot fylkesveg 48, 49 og 79 etter veglova. Kvam herad handsamar byggjegrænse mot resterande fylkesvegar etter plan- og bygningslova. Føresegna opnar ikkje for å sette til side/redusere byggjegrænse på 50 meter langs fv. 49 på Kvamskogen.

Det vart i 2018 søkt om det same tiltaket. Søknad vart avslått, og avslag klaga på. Klagar fekk ikkje medhald i si klage i Hordaland fylkeskommune si klagenemnd i 2019.

Situasjonen på Kvamskogen er den same i dag som søknad i 2018, unntatt 2 punkt;

- vedtak av kommunedelplan for tunell under Tokagjelet
- vedtak av ny Rammeplan 2021-2024 Haldningsklassar for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggjegranser

Kommunedelplan for Tokagjelet

Kommunedelplan for tunell under Tokagjelet er vedtatt. Ei realisering av tunell under Tokagjelet vil gjere at gjennomgangstrafikken går utanom Kvamskogen. Dette vil medføre ein helt anna trafikk situasjon, og dermed vil til dømes behov for gang- og sykkelveg ikkje lengre vere til stades i same grad. Det vart i 2018 vurdert fleire ulike trasear for tunell og dermed fleire ulike tunellpåkugg. Det er alternativet med tunellpåkugg ved Eikedalen som er vedtatt, så omsøkte tilbygg er i ikkje i konflikt med sjølve tunellpåkugget. Men sjølv om kommunedelplan er vedtatt, er prosjektet ikkje finansiert. Inntil tunell er realisert vil trafikken og tilhøva elles på Kvamskogen medføre eit behov for gang- og sykkelveg langsmed fylkesveg 49.

Rammeplan 2021-2024 Haldningsklassar for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggjegranser I ny rammeplan har fv. 49 over Kvamskogen fått ny og strengare haldningsklasse: *Meget streng haldning - svært viktig hovudveg (nasjonal og regional funksjon)*

*Søknad om dispensasjon frå byggjegrænse*

- Tiltak bør ikkje etablerast nærare enn 50 meter
- Nye bustader, utanom til primærmæringa som er bunden til areala, vert berre godkjent etter reguleringsplan

*Der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 60 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggjegrænse vurderast. Støykrava i byggt teknisk forskrift skal oppfyllest.*

Tiltaket det vert søkt om, og høva på staden/fylkesvegen, oppfyller ikkje krav til dispensasjon i rammeplanen. Dette talar mot å innvilge dispensasjon.

Andre moment som talar mot dispensasjon frå byggjegrænse, og som ikkje er endra sidan sist er støytilhøva og behovet for å ikkje byggje ned vegens sideareal slik at eventuell framtidig gang-/sykkelveg får auka kostnader og/eller vanskelegare å gjennomføre. Sidan desse høva ikkje er endra viser me til avslag på søknad i statens vegvesen sitt brev av 14.12.2018 og behandling i klagenemnd sak 27/19 i møte 03.06.19.

Basert på ovannemnde finn me at omsynet til søkars behov for tilbygg til hytte ikkje kan vektast høgare enn omsynet til fv. 49 og behovet for å ikkje byggje ned vegen sitt sideareal. I tillegg er plassering i raud støysone, samt haldningsklassen til fv. 49 i rammeplan for byggjegrænse og avkøyrslar argument for avslag. Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen

til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Ann Kristin Nes  
leiar

Bjørn Skorpa Eikeland  
avd. ingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskrivne underskrift*

Kopi til:

Dagfinn Vik            Vestre Lurane 2

KVAM KOMMUNE    Grovagjelet 16